



PROSJEKT SAMFUNNSPLAN

Kort skildring av prosjektet

Prosjektet skal leggje vekt på viktige utfordringar for samfunnsutviklinga i kommunen og leggje til rette for strategiske val som skal gjerast i perioden 2022-2034, samt setje konkrete mål. Arbeidet skal ta omsyn til sentrale samfunnsforhold som born og unge, demografitilpassingar, klima og miljø, og næringspolitikk.

Arbeidet skal vidare synleggjere utfordringar, mål og strategiar som gjeld for kommunen som organisasjon.

Resultat av prosjektet er ein heilskapleg og berekraftig samfunnsplan for Gulen kommune. Kommuneplanen sin samfunnsdel skal gje overordna mål for sektorane si planlegging, samt fastsetje retningslinjer for korleis kommunen skal gjennomføre eigne mål og strategiar.

Gulen kommune januar 2021

Prosjektansvarleg: Irene Søreide, Kommunedirektør

Prosjektleiargruppe: Ingvild Høydal, Leiar PLT
Sandra Skutvik, Rådgjevar kommuneleiinga
Ragnhild Undertun, Dagleg leiar GMU.
Vivian Våge, prosjektmedarbeidar folkehelse/leve heile livet



Innhold

1. MÅL OG RAMMER	2
Bakgrunn	2
Effektmål	2
Resultatmål for hovudprosjektet	2
Rammer og avgrensing	2
2. PROSJEKTORGANISASJON	4
Styringsgruppe	4
Prosjektleiargruppe	4
3. PROSJEKTOPPFYLGING	5
Planlagde avgjerdspunkt	5
Prosjektframdrift	6
Dato	6
Tilstand/Hending	6
INTERESSENTAR OG KOMMUNIKASJONSSTRATEGI	6
4. RISIKOVURDERING	7
Risikofaktorar	7
Risikohandtering	8
5. Statusrapportering og gjennomføring	8



1. MÅL OG RAMMER

Bakgrunn

Dette prosjektet vert starta etter avgjerd for Gulen kommune sin planstrategi 2020-2023 i K-sak 081/20. Her vart det peika på at gjeldande samfunnsplan ikkje er tilstrekkeleg oppdatert med dei samfunnstilhøve som ligg føre i dag. I kommunen sin overordna risikovurdering kjem det fram at det er vanskeleg å styre etter gjeldande samfunnsplan då den er lite konkret med omsyn til tema som har peika seg ut dei seinare åra.

Effektmål

Det skal leggjast inn føringar og tydelege målsetjingar på dei einskilde områda innan kommunen sin administrasjon, slik som sentraladministrasjon, oppvekst, helse og omsorg.

Dei effektar som er sett for dette prosjektet er å utvikle ein samfunnsplan som legg til rette for å styre kommunen etter klare målsetjingar som tek tydeleg omsyn til:

- Berekraft
- Demografiutviklinga i kommunen
- Folkehelse
- Miljø og klima
- Innovasjon og digitalisering
- Sysselsetjing og næringsliv

Resultatmål for hovudprosjektet

- Prosjektet er ferdig når det er teke ei avgjersle i kommunestyret om ny samfunnsplan for Gulen kommune.
- Framlegget til kommunestyret skal byggje på brei medverknad frå aktuelle interessentar.
- Målsetjinga er at ny samfunnsplan skal vedtakast i juni 2022.

Rammer og avgrensing

Målsetjingane som kjem fram av planstrategien skal byggjast inn i samfunnsplanen med naudsynte presiseringar.



Desse føringane gjeld for arbeidet med ny samfunnsplan:

- FN sine berekraftsmål må forankrast og nedfellast i kommunen sine målsetjingar i åra som kjem.
- Kommunen skal gje klare prioriteringar som speglar samfunnsutviklinga samstundes som den tek høgde for framtidige lovkrav og tek vare på kommunen sin sjølvråderett.
- Folkehelse, klima- og miljøperspektiv må vere gjennomgåande tema for dei planar kommunen utviklar og gjennomfører.
- Samfunnsplanen skal velje samarbeidspartar innanfor dei einskilde sektorar, evt. fastsetje kriteriar for kven vi skal samarbeide med.
- Handlings- og økonomiplanen må vidareutviklast med økonomisk berekraft som underliggjande føresetnad. Auke økonomiske løyvingar for å vidareutvikle kommunen.
- Kommunen skal peike ut områder som bør prioriterast i ei digitaliseringsssatsing med utgangspunkt i dei utfordringane som vert presentert i dette dokumentet. Dette må gjenspegle seg i handlings- og økonomiplanen.
- Det er behov for å drøfte prioriteringar i samband med samfunnsplanen, aktuelle digitaliseringseffektar må identifiserast innan oppvekst, og sektorplanlegginga må ta høgde for kjente økonomiske rammevilkår.
- «Leve heile livet» må inn i samfunnsplanen. Strategiplan for omsorg bør rullerast der resultat av «Leve heile livet» og erfaringar frå brukarkartlegging 2021 vert innarbeidd. Ein bør dessutan sjå strategiplanen i samanheng med dei interkommunale planane som er under utvikling.

Prosjektet skal arbeide heile 2021 med jamnleg rapportering til formannskapet, total tidsramme er sett til medio 2022.

Kommunen sine kostnadar skal fordelast på ordinær drift og kjøp av tenester. Kjøp av tenester er sett til kr. 200.000,-.


Prosjektet vil i prosjektleiinga nytte til saman 0,40 årsverk fordelt på 4-5 personar. I tillegg kjem prosjektstilling *Leve heile livet* med 0,20 årsverk, samt fagdirektørar, rådgjevarar og leiar løn/personal med omlag 0,60 årsverk.

Ordinær planlegging for sektorane skal ikkje gå inn i prosjektet.



2. PROSJEKTORGANISASJON

Dette er prosjektorganisasjonen:



Styringsgruppe

Formannskapet. Dei skal ta standpunkt til generelle retningsval som vert gjort undervegs. Dei skal få presentert framlegg til strategiar og mål som politiske saker, i samband med oppsette møter eller i ekstramøter.

Styringsgruppa skal bestemme om noko skal avgjerast i kommunestyret, samt godkjenne delleveransar og budsjett.

Prosjektleiargruppe

Prosjektleiargruppa består av følgjande personar:

Dagleg leiar GMU:

Kommunedirektør:

Einingsleiar PLT:

Rådgjevar kommuneleiinga:

Prosjektmedarbeidar folkehelse/Leve heile livet:

Ragnhild Undertun

Irene Søreide

Ingvild M. Høydal

Sandra Skutvik

Vivian Våge



I denne gruppa skal ein gjere krav og forventningar tydeleg, planlegge og drive fram arbeidsprosesser. Prosjektleiargruppa skal utforme bestillingar på utgreiingar, og tilretteleggje med maler for effektive leveransar. Skrive saker til styringsgruppe og kommunestyret. Setje agenda for prosjektgruppa og fordele oppgåver gjennom prosjektgruppemøter.

Prosjektleiargruppa skal sørge for brei medverknad og informasjon, samt gjere bestillingar på naudsynte utgreiingar. Gruppa skal òg ha ansvar for at det blir etablert ein god dialog med andre aktørar enn utvala. Dette er til dømes næringsliv, medverkarråda, frivillige organisasjonar og lag, i tillegg til innbyggjarane generelt.

Prosjektgruppe

Prosjektgruppa består av prosjektleiargruppa samt følgjande representantar:

Representant frå PLT:	May-Lynn Osland	-plankonsulent
Helse og omsorg:	Ingebjørg Søreide	-fagdirektør omsorg
Oppvekst:	Halvor Elde	-fagdirektør oppvekst
Ekspedisjonsavdelinga:	Anne-Line Kvame	-leiar
Ordførar:	Hallvard Oppedal	

Denne gruppa skal utføre bestillingar på leveransar, drøfte aktuelle tema, uttale seg om retningsval, samt delta i diskusjonar om strategiar og mål.

Den einskilde representant i prosjektgruppa har ansvar for å skape forankring innan sitt ansvarsområde og hente inn informasjon, synspunkt og andre innspel frå det aktuelle ansvarsområde.

3. PROSJEKTOPPFYLGING

Planlagde avgjerdspunkt

For å ha framdrift i prosjektarbeidet er det naudsynt å ta avgjersler innan ei avklart rekkjefylge. Avgjerslane skal takast av styringsgruppa og føl deira møteplan.

- Prosjektplan (27. januar 2021)
- Godkjenning av den tematiserte inndelinga, struktur av samfunnsplanen (4. mars 2021)
- Godkjenning av statusskildring under dei einskilde tema/eksisterande statistikkmateriale (8. april 2021)
- Plan for informasjons- og kommunikasjonsstrategi (8. april 2021)
- Presentere dei nasjonale føringane innan dei einskilde tema (8. april 2021)
- Godkjenning av bestillingar vedk. utgreiingane (29. april 2021)
- Godkjenning av planlagd innhenting av interessentdata (29. april 2021)



- Godkjenning av innhenta interessentdata (19. august 2021)
- Godkjenning av Gulen kommune sin visjon (23. september 2021)
- Godkjenning av konkrete målsetnadar og satsingar fram mot 2034 (28. oktober 2021)
- Utarbeide det endelege dokument for fyrstegongshøyring (mars 2022)

Prosjektframdrift

Viktige framdriftspunkt:

Nr		
	Jan 2021	Prosjektplan med møteplan styringsgruppe
		Disposisjon for samfunnsplan – Presenterast for prosjektgruppa
		Arbeidsutkast av Mål og Strategiar fordelt på tema
		Maler for vidare arbeid frå prosjektleiargruppa
		Avklare behov og bestille eksterne utgreiingar
		Spørreundersøkingar, utnemne ansvarleg og gjennomføre
		Folkemøte ?
		Politisk godkjenning av delleveranse om fordeling av FN sine berekraftsmål på ulike tema
	Mars 22	Framlegg til samfunnsplan på høyring
	juni	Godkjenning av samfunnsplan i FSK og KOM

INTERESSENTAR OG KOMMUNIKASJONSSTRATEGI

I tabellen under er det lista opp interessentar som er aktuelle for prosjektet *Ny samfunnsplan*. Det er tenkt forskjellige kommunikasjonsformer for å nå flest mogleg.

Interessent	Mål	Kommunikasjonsform	Ansvarleg
Innbyggjarane	Sikre brei medverknad	Heimesida, postmottak, facebook, bedrekommune.no, ansikt til ansikt,	Prosjektgruppa (delegert til ekspedisjonen)
Eldre			
Ungdomsrådet			Prosjektleiargruppa
Frivillige lag			
Verksemder i kommunen	Sikre brei medverknad	Undersøkingar, møter, skriftleg dialog	Prosjektleiargruppe, evt. deltakar i prosjektgruppa
Samarbeidsparter			
Nabokommunar			
Statsforvalter			
Fylkeskommune			
Andre aktuelle offentlege aktørar			



Det vil kome ein eigen plan for informasjons- og kommunikasjonsstrategi. Denne skal godkjennast av styringsgruppa.

4. RISIKOVURDERING

I det fylgjande vert kritiske risikofaktorar lista opp. Dette er uønska hendingar som kan føre til at Gulen kommune ikkje klarar å innfri målsetnadane i prosjektet.

Målsetjing i prosjektet:

- *Ein heilskapleg og berekraftig samfunnsplan for Gulen kommune*
- *Framlegget til kommunestyret skal byggje på brei medverknad frå aktuelle interessentar*
- *Vedtast juni 2022.*

Risikofaktorar

Risikofaktor	S	K	RF	Mottiltak
Tid (kapasitet hos nøkkelpersonar)	4 høg			Leige inn ressursar, framdriftsplan, prosjektleiargruppe framfor ein prosjektleiar
Akutt vakanse/fråvær	2 låg			Prosjektleiargruppa kan tilpasse og justere ressursar
Uforventa endring i koronasituasjonen	2 låg			
Manglande kompetanse til å hente inn data	4 høg			Avsett midlar til bruk av kjøp av tenester
Budsjett. Ikkje sett av nok midlar. Overskriding	2 låg			Justere budsjettet
Manglande informasjonsstrategi (ut)	1 v. låg			Vedta informasjonsstrategi (ikkje utarbeidd)
Manglande medverknad frå interessentar	3 middels			Fleire kanalar; digitalt og fysisk
“Bestillingar” hos prosjektgruppa vert ikkje innfridd / dårleg kvalitet	3 middels			Vere bevisst på tydelege bestillingar. Forankre planprosjektet og bevisstgjere ansvar
“Bestillingar” kan misforståast. Ny leveranse krev utvida frist.	3 midels			Vere bevisst på tydelege bestillingar. Forankre planprosjektet og bevisstgjere ansvar



Usemje om retning – pro.leiargr./pro.gr/styringsgr.	3 middels			Sikre arena for diskusjon, respektere fatta avgjerder og retning
--	--------------	--	--	--

Hendingane som er ført opp er vurdert å utgjere ein risiko for ferdigstilling av den nye samfunnsplanen i tide, og/eller ha ei negativ verknad på kvaliteten på leveransene. Samtidig har gruppa lista opp mottiltak for å redusere sannsynet for at hendingane vil inntreffe.

Samtlege av hendingane vil - dersom dei inntreffer - føre til at samfunnsplanen anten blir levert med fristoverskriding og/eller har kvalitative manglar. For å sikre at dette ikkje skjer, så må prosjektleiargruppa ha fokus på hendingane og raskt handle dersom det er noko som trugar framdrifta til prosjektet.

Risikohandtering

Tid og kapasitet hos nøkkelpersonar er vurdert som mest kritisk for å ferdigstille den nye samfunnsplanen til Gulen kommune. Det er sett opp regelmessige møter i prosjektleiargruppa for å sikre at ein ikkje hamnar i tidsnaud og arbeid ikkje vert utført grunna manglande kapasitet. Det er viktig at prosjektleiargruppa saman handterer utfordringane som oppstår undervegs. Regelmessige møter sikrar jamnleg samstemming.

Eit anna kritisk moment er det pågåande arbeidet med arealplanen. Her føreset ein at arealplanen vert godkjent før samfunnsplanen. Det kan difor kome utsetjing på bakgrunn av dette arbeidet.

5. Statusrapportering og gjennomføring

Prosjektet legg opp til jamnleg rapportering til formannskapet. Kapittel 3 syner avgjerspunkt knytt til dei ulike møta som formannskapet skal ha i 2021. Desse aktivitetane og møtedatoane vil ligge til grunn for rapporteringa.

Økonomi

Stipuler kostnadstypar og storleik.

Kostnader		Finansiering	
Kostnadsart/Kostn. pr. hovudakt.	Beløp	Finansieringstype og kilde	Beløp
Avsette midlar	200.000		
Sum	200.000	Sum	